



INNKJØPSSTRATEGI HERØY KOMMUNE 2020-2023

Vedtatt K-sak 142/2020


SAMANDRAG

Innkjøpsstrategien skal bidra til at Herøy kommune sine innkjøp vert gjort i samsvar med regelverk og politiske vedtak.

Strategien skal fremme ei berekraftig og miljøvenleg utvikling.

Innkjøpsstrategien skal legge grunnlag for einsarta gjennomføring, tenking og åtferd i samband med kjøp av varer, tenester, bygg og anlegg.


Strategien skal bidra til samfunns-ansvarlege innkjøp, og at lokale aktørar kan delta i konkurransar.



HERØY KOMMUNE

Innkjøpsstrategi

2020 - 2023



Innhold

1. Innleiing	2
2. Definisjonar/omgrep	2
3. Visjon	3
4. Hovudmål	3
Delmål 1.....	4
Kommunen skal gjennomføre samfunnsansvarlege innkjøp.	4
Delmål 2.....	5
Kommunen skal organisere seg slik at vedtatt innkjøpsstrategi forankrast og vert etterlevd i alt innkjøpsarbeid i kommunen.....	5
Delmål 3.....	6
Kommunen sine innkjøpsprosessar skal vere gjennomsluttige og skal kunne etterprøvast.....	6
Delmål 4.....	7
Kommunen skal bidra til innovasjon og marknadsutvikling.....	7
Delmål 5.....	8
Herøy kommune sine innkjøp skal vere økonomiske og kvalitativt gode	8
Delmål 6.....	9
Innkjøpa skal bidra til betre behovsdekning og møte framtidige behov	9
Delmål 7.....	9
Herøy kommune skal aktivt nytte handlingsrommet i innkjøpsregelverket og leggje til rette for at lokale aktørar skal kunne vere med i konkurransen.	9



1. Innleiing

Herøy kommune sin innkjøpsstrategi gjeld for alle kommunen sine sektorar og avdelingar. Strategien skal legge grunnlag for einsarta gjennomføring, tenking og åtferd i samband med kjøp av varer, tenester, bygg og anlegg. På denne måten skal strategien bidra til at Herøy kommune kan nå sine mål på grunnlag av politiske vedtak og gjennom administrasjonen sitt verke.

Innkjøpsstrategien skal ta omsyn til lov 17.06.2016 nr. 73 om offentlige anskaffingar sitt føremål:

§ 1. Formål

Loven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser. Den skal også bidra til at det offentlige opptre med integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.

Vidare skal det takas omsyn til dei grunnleggande innkjøpsprinsippa i § 4:

§ 4. Grunnleggende prinsipp

Oppdragsgiveren skal opptre i samsvar med grunnleggende prinsipper om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet.

Hovudmål og delmål i innkjøpsstrategien er basert på dei krav og fokusområde som går fram av regelverket for offentlege innkjøp, politiske føringar og satsings- og forbetringspotensiale på innkjøpsområde.

Kommunen sine innkjøp skal utførast profesjonelt og effektivt i oppfølginga av kommunen sitt samfunnsoppdrag. Kommunen skal vere ein attraktiv kunde og samarbeidspartner.

2. Definisjonar/omgrep

KGV-verktøy – Konkurransегjennomføringsverktøy. Elektronisk løysing offentlege verksemder er pliktige til å nytte på innkjøp over 1,3 mill. Nok.

Terskelverdi – Beløpsgrense som definerer krav til anbudsprosessen.

Rammeavtale – Tidsavgrensa avtale, med ein eller fleire leverandørar, som omfattar eit bestemt spekter av varer/tenester til fastsette prisar/rabattar.

Acos Websak – Herøy kommune sitt saks/arkiv system.

Leverandørutviklingsprogrammet – Samarbeid mellom KS og NHO om å forenkle og forbetre offentlege anskaffingar.

Innkjøpsansvarleg – Tilsett i Herøy kommune som koordinerer innkjøp.

Budsjettansvarleg – Leiar som er tillagt budsjettansvar for den sektor/avdeling som skal kjøpe varen/tenesta.

Tildelingskriterium – Kriterier som vert vektlagt ved val av leverandør som har levert anbod. Døme er; pris, kvalitet, leveringstidspunkt, miljøkrav, m.m.

3. Visjon

Innkjøpa skal ivareta dei tre overordna dimensjonane i FN sine berekraftmål – økonomi, sosial/kulturell og miljø – og skape meirverdi for kommunen og lokalsamfunnet.

Herøy kommune sin visjon «Ei båtlengd føre» skal være førande for innkjøpsarbeidet.

4. Hovudmål

Det skal leggst vekt på miljø, samfunnsansvar og nytenking. Innkjøpa skal vere kostnadseffektive, juridisk korrekte og det skal leggst til rette for god innkjøpsfagleg kompetanse.

Delmål:

1. Kommunen skal gjennomføre **samfunnsansvarlege** innkjøp. Innkjøpet sitt klima-avtrykk gjennom si levetid skal ha vesentleg vekt ved val av produkt eller leverandør.
2. Kommunen skal organisere seg slik at vedtatt innkjøpsstrategi vert **forankra og etterlevd** i alt innkjøpsarbeid i kommunen.
3. Kommunen sine innkjøpsprosessar skal vere **gjennomsiktige** og skal kunne **etterprøvast**.
4. Kommunen skal bidra til **innovasjon og marknadsutvikling**.
5. Herøy kommune sine innkjøp skal vere **økonomisk og kvalitativt** gode.
6. Innkjøpa skal bidra til betre behovsdekning og møte **framtidige behov**.
7. Herøy kommune skal utnytte handlingsrommet i innkjøpsregelverket og leggje til rette for at **lokale aktørar** skal kunne vere med i konkurransen.

Delmål 1.

Kommunen skal gjennomføre samfunnsansvarlege innkjøp.

Lovverket set krav til at offentlege verksemdar tek aktivt samfunnsansvar gjennom å etterspørje og forbruke varer og tenester som er produsert etter høge etiske, sosiale og miljømessige standardar. Dette ansvaret skal implementerast gjennom tydelege krav i avtalar, dialog og samarbeid med kommunen sine leverandørar. Gjennom planlegging og gjennomføring av innkjøp skal kommunen gjere seg kjend med dei tilbod av varer, tenester og moglegheiter som marknaden tilbyr.

Klima- og miljømessige konsekvensar skal vurderast der dette er relevant. Innkjøpet sitt klima-avtrykk og andre miljøomsyn, skal vektleggast ved val av produkt eller leverandør.

Miljøomsyn som skal vurderast er til dømes livssyklus kostnader, transportløyser, forbruk av energi og utslepp av klimagassar. Det skal ut frå ei kost-nyttevurdering vurderast i kva grad det skal stillast miljøkrav, anten i kravspesifikasjonen, som kvalifikasjonskrav eller som tildelingskriterium.

Dersom miljøeffekten har ein ekstra kostnad for kommunen, så skal det vurderast om kostnaden står i samsvar med miljøgevinsten.

Tiltak:

- Etablere rutinar for å redusere skadelege miljøpåverknader knytt til innkjøp og fremje klimavenlege løysingar. Kommunen skal i sine innkjøp vurdere å sette høgare klimamål enn det som fylgjer av lovpålagde minstekrav.
- Ta aktivt samfunnsansvar og bruke kontraktkrava med fokus på å hindre arbeidslivskriminalitet og sosial dumping.
- Når det er relevant, stille krav til entreprenør om bruk av lærlingar.
- Vurdere bruk av malar og verktøy som er utarbeida av Digitaliseringsdirektoratet innan samfunnsansvar.

Resultatmål:

- Unngå kjøp frå føretak som driv med arbeidslivskriminalitet og sosial dumping.
- Unngå kjøp av produkt som ikkje stettar miljømessige standardar.
- Redusert klimaavtrykk frå Herøy kommune som organisasjon.

Delmål 2.

Kommunen skal organisere seg slik at vedtatt innkjøpsstrategi forankrast og vert etterlevd i alt innkjøpsarbeid i kommunen.

Strategisk innkjøpsplanlegging, og det å involvere ansvarleg leiing så tidleg som mogeleg i innkjøpsprosessar, er av største betydning. Innkjøpsområdet er komplekst og har mange faglege nedslagsfelt, som juridiske, økonomiske og samfunnsfaglege. Det å utføre gode innkjøp og å organisere desse godt er av stor strategisk betydning. Det er viktig at innkjøpsstrategi og rutinar for innkjøp vert forankra og gjort kjend i heile organisasjonen.

For at Herøy kommune skal nå sine overordna mål knytt til, budsjett, drift og levering av tenester, må øvste leiing, sektorar og avdelingar i kommunen jobbe systematisk med si innkjøpsportefølje, innkjøpsstrategi, innkjøpsplanlegging, og oppfølging av innkjøp og inngåtte avtaler.

Kartlegging av behov skal skje i samband med utarbeiding av budsjett. Dette er viktig for å sikre politisk forankring. Det må leggst ein plan for dei innkjøp som skal gjennomførast i løpet av eit år, og kva konkurransar som skal planleggast når og av kven. Dette for å tidleg kunne utarbeide eit godt konkurransegrunnlag og/eller tilbudsforespurnadar.

Ved planlegging av det konkrete innkjøpet, bør innkjøpsansvarleg inviterast med for å kunne gi råd og innspel til gjennomføring av konkurransen i samsvar med innkjøpsstrategien og regelverket om offentlege anskaffingar. Budsjettansvarleg har ansvaret for å gjennomføre konkurransen, at anskaffing skjer i rett tid, og i tråd med vedtekne budsjett. Innkjøpsansvarlig har prosessansvar og skal bidra til at anskaffinga skje på ein god og riktig måte.

Den årlege gjennomgangen av innkjøpsplanen bør ha fokus på:

- eksisterande rammeavtalar
- område utan avtale og framtidige behov
- innovasjonspotensial
- moglege innsparingar
- kvalitetsforbetringar
- sosiale og andre samfunnsmessige omsyn ein kan ta i konkurransar og avtalar.

Tiltak:

- Kommunedirektør har ansvar for at innkjøpsstrategien vert nytta som eit strategisk verktøy for å oppnå målsetnadane i kommuneplan og budsjett.

- Kommunalsjef har innanfor eigen sektor ansvar for at innkjøperane set seg inn i denne strategien.
- Kommunalsjef har ansvar for at det vert laga ein plan for større innkjøp og avtalar/anbod som skal gjennomførast i løpet av året, og at denne vert samordna med kommunen sin samla plan for anskaffingar.
- Budsjettansvarleg har ansvar for at innkjøpsansvarleg vert teken med i tidleg fase av planlegging av konkrete innkjøp, slik at krav om prosessansvar kan oppfyllest.

Resultatmål:

- Innkjøp organisert på ein profesjonell måte med klare ansvarsliner og med kontrollmekanismer for å motverke korrupsjon.
- Auka avtaledekning i prosent.

Delmål 3.

Kommunen sine innkjøpsprosessar skal vere gjennomsiktede og skal kunne etterprøvast

Det å forvalte midlane til Herøy kommune på ein god måte, er viktig for at innbyggjarane skal ha tillit. Ein viktig del i denne prosessen er gjennomsiktighet og det skal vere lett å få innsyn. Det er lovfesta at kjøp over 1.3 Mill. Nok skal gjennomførast digitalt med KGV-verktøy. Bruk av KGV-verktøy sikrar at innkjøpsprosessen skjer raskt, effektivt, elektronisk og i samsvar med regelverket.

Alle innkjøp over terskelverdi nok 100.000 eks. mva skal dokumenterast med protokoll som skal arkiverast. Der bestillar meiner at det kan gjerast unntak frå regelverket, så skal dette grunngjevast i protokoll. Det kan også vere naudsynt å føre protokoll på kjøp under kr 100.000 der det kan verte spørsmål om habilitet.

Ein skal passe på at alle leverandørar får lik informasjon og at grunnleggande prinsipp § 4 i Lov om offentlege anskaffingar vert ivaretatt :

§ 4.Grunnleggende prinsipp

Oppdragsgiveren skal opptre i samsvar med grunnleggende prinsipper om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet.

Kommunen pliktar å følgje den digitale utviklinga i offentlege innkjøp.

Ved å gjere prosessane i ei anskaffing gjennomiktig, kan ein førebyggje korrupsjon. Korrupsjon reduserer tilliten til det offentlege og undergrev viktige omsyn som seriositet i arbeidslivet og krav til helse, miljø og sikkerheit.

Tiltak:

- Dokument knytt til konkurransen skal arkiverast i Acos Websak.
- Avtalar som vert inngått skal leverast i original til Arkiv for oppbevaring i arkivsystemet.

Resultatmål:

- Minimum av klager på innkjøp frå leverandørar.
- Reduksjon av merknadar frå kommunerevisjonen.
- 100 % bruk av KGV-verktøy ved anskaffingar over 1,3 Mill. Nok.

Delmål 4.

Kommunen skal bidra til innovasjon og marknadsutvikling.

Innovasjon handlar om finne nye løysingar på eksisterande og framtidige behov, og å invitere ulike fagmiljø inn i prosessen for å få dekke desse behova på ein kostnadseffektiv og berekraftig måte. Vi skal bygge både for eksisterande og framtidige behov. Demografien er i endring, og dette krev omstilling både på drifts- og investeringssida. Ein skal ikkje sjå eit enkelt prosjekt isolert, men søke synergi-effektar ved å sjå fleire prosjekt i samanheng.

Innkjøpsmetodikken innovative innkjøp kan nyttast når ein har ei problemstilling der det manglar gode løysingar, og der innovasjon kan gi ein meirverdi/gevinst for kommunen eller lokalsamfunnet når det gjeld økonomiske ressursar, kvaliteten på ei teneste, sosialt/kulturelt eller miljø. Innovative innkjøp er samskaping mellom kommunen, næringslivet og andre samarbeidspartar. Resultatet kan gi innovativ effekt både hjå kommunen og hjå leverandør. Leverandørutviklingsprogrammet kan gje råd om gjennomføring av innovative innkjøp.

Tiltak:

- Innkjøpsansvarleg skal involverast tidleg i konkrete innkjøpsprosessar for rådgjeving om framgangsmåte i samsvar med regelverk om offentlege anskaffingar.
- Kartlegging, behov, involvering av andre fagområder, innspel før konkurransegrunnlag.
- Søkje kompetanse og opparbeide kompetanse i eigen organisasjon for gjennomføring av innovative innkjøp.

Delmål 5.

Herøy kommune sine innkjøp skal vere økonomiske og kvalitativt gode

Før ein gjennomfører innkjøp skal ein sjå om innkjøpet er naudsynt eller om behov kan dekkast gjennom andre måtar, som t.d. ombruk, flytting av ressursar eller liknande.

Innkjøp skal vere basert på konkurranse. Dei som bestiller varer/tenester skal opptre i samsvar med god forretningsskikk og sikre høg etisk standard både i den interne og eksterne sakshandsaminga.

Utveljing av kvalifiserte tilbydarar og tildeling skal skje på grunnlag av objektive og ikkje diskriminerande kriterier. Kommunen skal ha god oversikt over eigne avtalar og må ha som mål å planlegge dei strategisk viktige innkjøpa i god tid for å auke rammeavtalar og avtaledekning.

Politiske vedtak, som medfører kjøp av varer eller tenestar, må gi tilstrekkelig med tid til å gjennomføre ein forsvarleg og kvalitativ god innkjøpsprosess. Dei ulike sektorane og avdelingane innan kommunen har eit sjølvstendig ansvar for gjennomføring av konkurransen.

Gode rutinar og nettverkssamarbeid internt og med andre kommunar skal førebyggje mot bruk av dyre konsulenttenester. Ekstern ekspertise kan unntaksvis nyttast i kompliserte innkjøpsprosessar.

Tiltak:

- Vurdere om det er naudsynt med nytt innkjøp for å dekke behovet.
- Nytte innkjøpssamarbeidet med Ålesund aktivt.
- Vurdere felles innkjøp med andre kommunar, der dette er mogleg/ønskeleg.
- Sikre at rammeavtalar vert brukt lojalt.
- Sikre at kriterier og krav til det som skal innkjøpast, vert utarbeidd med bruk av god og brei kompetanse. Sikre brukarmedverknad ved utarbeiding av kriterier og krav.
- Forenkla og ajourhalde skjema/malar for bruk ved innkjøp.
- Orienterer om regelverket og praktisk bruk internt i organisasjonen (interne kurs/møter).
- Sikre at innkjøp vert gjort av kompetent person.

Resultatmål:

- Unngå unødige anskaffingar.
- Sikre gevinstrealisering gjennom effektive innkjøpsprosessar og oppfølging og bruk av eksisterande avtaler.
- Innkjøp skal være innanfor vedtekte budsjett.
- Minimum av klager på innkjøp frå leverandørar.

- Reduksjon av merknadar frå kommunerevisjonen.

Delmål 6.

Innkjøpa skal bidra til betre behovsdekning og møte framtidige behov

Kartlegging av kommunen sine behov for rammeavtalar skjer løpande. Etablering av nye rammeavtalar og forlenging av eksisterande, skal avklarast med budsjett-ansvarleg.

Sektorane planlegg årleg behov for innkjøp av varer og tenester i samband med utarbeiding av budsjett. På grunnlag av sektorvise innkjøpsprogram lagar innkjøpsansvarleg ei samla oversikt over innkjøp av varer og tenester for det enkelte budsjettår – innkjøpsprogram med årshjul for innkjøpsprosessar.

Innkjøpsprogrammet og årshjulet gir ei samla oversikt for å vurdere samkøyring av innkjøpsprosessar.

Tiltak:

- Nytte innkjøpsamarbeidet med Ålesund aktivt.
- Vurdere felles innkjøp der dette er mogleg/ønskeleg.
- Kommunalsjef har ansvar for at det vert laga ein plan for større innkjøp og avtalar/anbod som skal gjennomførast i løpet av året.
- Budsjettansvarleg har ansvar for at innkjøpsansvarleg vert teken med i tidleg fase av planlegging av konkrete innkjøp.

Resultatmål:

- Innkjøp organisert på ein profesjonell måte med klare ansvarsliner og med kontrollmekanismer for å motverke korrupsjon.
- Auka avtaledekning i prosent.
- Forenkle innkjøpsprosessen for den enkelte innkjøper.

Delmål 7.

Herøy kommune skal aktivt nytte handlingsrommet i innkjøpsregelverket og leggje til rette for at lokale aktørar skal kunne vere med i konkurransen.

Innkjøpsstrategien er eit ledd i kommunen sin næringspolitikk for vekst i arbeidsplassar og lokal omsetning. Regelverket for offentlege innkjøp set klare grenser for korleis offentlege anskaffingar skal skje, men det handlingsrommet som

ligg i regelverket skal nyttast slik at lokale aktørar skal kunne vere med i konkurransen.

Det vil ofte kunne være eit skjeringspunkt mellom kva som er god økonomi for kommunen og kva som er god næringspolitikk for lokale og regionale leverandørar. Det er derfor viktig at ein i alle større anskaffingar gjer ei strategisk vurdering av anskaffingane, om det finnast lokale/regionale leverandørar og korleis anskaffingane best kan innrettast for å dekke desse omsyna.

Deltaking i innkjøpssamarbeid gjev gode høve til å være med i avtaler med stort innkjøpsvolum og låge prisar. Samstundes gjev slik deltaking utfordringar i høve korleis lokale/regionale leverandørar har høve til å delta. Herøy kommune skal balansere dette gjennom aktiv deltaking i innkjøpssamarbeid og samarbeid med andre kommunar/innkjøperar i regionen. Dette for å legge til rette slik at små og mellomstore bedrifter kan delta i anskaffingane, enten som ein del av eit større leverandørsamarbeid eller, der dette er hensiktsmessig, gjennom oppdeling av anskaffingane i fleire varesegment og/eller geografiske delar.

Informasjon ut til lokalt næringsliv i god tid er ein avgjerande faktor for at fleire verksemdar kan samarbeide om anbod. I tillegg vil informasjon om pågåande konkurransar kunne publiserast i fleire fora enn det som har vore vanleg. Sosiale media er ein hittil lite nytta informasjonskanal, men aktivt bruk av sosiale media kan ha stort potensiale for å nå ut til både små og mellomstore verksemdar.

Tiltak:

- Møte innbyggjarar og leverandørar med ei positiv og lyttande holdning.
- Informere næringslivet om kvar dei finn konkurransane som vert kunngjort.
- Aktiv publisering av konkurransar for at leverandørar kan oppdage konkurransen utover dei offisielle innkjøpsportalane.
- Ved innkjøp under terskelverdi 1,3 Mill. Nok skal ein aktivt invitere lokale verksemdar til å gi tilbod, der det er aktuelt.
- Tilby opplæring i programvare for å levere anbod/tilbod.
- Lokale bedrifter som leverer anbod/tilbod og som ikkje når opp, kan ta kontakt etter at konkurransen er avslutta for å kunne lære om prosessen.

Resultatmål:

- Auka deltaking frå lokale leverandørar i anbodsprosessar. Fleire lokale leverandørar leverer anbod/tilbod.